

# Program for Bjørnafjorden SV - Sosialistisk Venstreparti for kommunestyreperioden 2020-2023

---

Ein sosialistisk kommunepolitikk

Bærebjelkar i Bjørnafjorden SV sin politikk:

- Velferd - ikkje butikk
- Rettferd - ikkje slump
- Omfordeling - ikkje skeivdeling
- Styrt utvikling. - ikkje fri flyt
- Mangfald. - ikkje einsretting
- For dei mange - ikkje for dei få



### **Bjørnafjorden SV:**

vil styrkja fellesskapet og fellesgoda og arbeida for eit meir rettvist og solidarisk samfunn.

vil arbeida for at kommunen tar arbeidstakarane sine grunnleggjande rettar og interesser på alvor, både som fast arbeidsgjevar, ved kjøp av mellombels tenester, ved bruk av vikarar og i innkjøpspolitikken.

seier ja til eit inkluderande lokalsamfunn, der alle skal ha tilgang på kommunale tilbod og tenester uavhengig av økonomi og personlege føresetnader.

vil arbeida for at vi også i lokalsamfunnet gjer val som sikrar ei berekraftig utvikling og tar omsyn til naturen sine tolegrensar.

### **Hovudsaker for Bjørnafjorden SV i kommunevalet 2019**

- Ja til grønare utvikling!
- Bustadbygging med rikelege friareal og utan reduksjon av dyrka og dyrkbar jord. Sterkare demokratisk styring av utbygging.
- Systematisk tilrettelegging og føringar for bruk av fornybar og klimavenleg energi på alle område, både offentleg og privat.
- Stimulera til grøn næringsutvikling og miljøvenleg bruk av kommunen sine naturgjevne ressursar
- Nei til privatisering og konkurranseutsetjing!
- Bjørnafjorden SV vil avvikla konkurranseutsetjing av alle kommunale tenester - frå omsorg til reinhald.
- Til dette målet er nådd, vil Bjørnafjorden SV arbeida for å sikra arbeidstakarar på dei konkurranseutsette områda løns-, arbeids- og pensjonstilhøve som er likeverdige med kommunale arbeidstakarar sine.
- Bjørnafjorden SV vil at alle verksemder som utfører kommunale oppgåver, skal praktisera den endra arbeidsmiljølova slik at arbeidsmiljø og arbeidstakarrettar ikkje vert svekka jamført med tidlegare ordningar.

## Hovudsaker

Program for Bjørnafjorden Sosialistisk Venstreparti for kommunestyreperioden 2019- 2023

Innhald:

1. Mål og rammer for kommunestyrearbeidet
2. Næringspolitikk
3. Barn og unge
4. Kommunal drift av kommunal velferd
5. Lokalt demokrati - kommunestruktur
6. Miljø og samferdsle
7. Arbeidsliv
8. Kommunesentrum og bustadbygging
9. Helse, omsorg og rehabilitering
10. Kultur
11. Solidaritet

### 1. Mål og rammer for kommunestyrearbeidet

- Å styrkja fellesskapet og fellesgoda
- Å arbeida for eit meir rettvist og solidarisk lokalsamfunn
- Å arbeida for ein politikk som tek omsyn til miljøet og naturen sine tolegrenser
- Å arbeida for opne politiske prosessar der det er mogleg

Rammevilkåra for kommunestyret sitt arbeid vert for stor del gjevne ved nasjonal lovgjeving og statlege overføringar. Den kapitalistiske konkurranseøkonomien og marknadsliberalismen stiller stadig hardare krav til alle former for verksemd og arbeid, og pressar også kommunane. Dette har lenge ført til auka skilnader mellom folk og svekka løns- og arbeidsvilkår for mange. Den raud-grøne regjeringa bremsa denne utviklinga, men den nye regjeringa fører igjen ein politikk for auka forskjellar.

Rettferd og solidaritet må skapast gjennom global, regional og lokal innsats. SV meiner at kampen mot marknadsliberalismen og for demokratisk styring av kapital og ressursar må kjempast på alle plan.



Når oppgåver og reformer vert lagde på kommunar og fylkeskommunar, er det viktig å sikra at desse får økonomiske rammer for å gjennomføra tiltaka. Det er også naudsynt at Stortinget vedtek ein del minstestandardar slik at ein ikkje får store skilje mellom folk i velstående og mindre velstående lokalsamfunn. Den raud-grøne regjeringa bremsa ein negativ trend for kommuneøkonomien, men SV er medveten om at meir satsing er naudsynt, ikkje minst etter at den blå-blå regjeringa tok over. Dette både for å sikra velferdstenestene lokalt, og for å gje lokaldemokratiet reelt politisk handlingsrom.

I tillegg til å arbeida for auka statlege overføringar, vil Bjørnafjorden SV om naudsynt styrka den kommunale økonomien m.a. ved å innføra eigedomsskatt - med klår sosial profil. Etter betydelege skattereduksjonar over tid for dei som alt har god råd, er no eigedomsskatt ein solidarisk måte å styrka viktige kommunale tenester på. Den langsiktige oppgåva for sosialistar er å endra rammevilkåra. Men innanfor noverande rammer kan vi likevel gjera mykje. Dette handlar også programmet vårt om.

Bjørnafjorden SV vil arbeida for ei berekraftig utvikling som tek omsyn til naturen sine tolegrensar. Både samferdsla og næringslivet i kommunen må utviklast innan slike rammer, og på ein solidarisk måte. Kommunen kan t.d. gjera meir både når det gjeld energibruk og CO<sub>2</sub>- utslepp. Vi tenkjer særleg på bilparken og kommunale bygg.

SV vil vera den fremste forsvararen av velferdssamfunnet og av ein brei offentleg sektor. Vi vil arbeida aktivt for at alle skal ha tilgang på kommunale tilbod og tenester i samsvar med reelle behov, uavhengig av personlege føresetnader. Marknaden skal korkje setja premissane for, eller henta profitt frå, sentrale og naturlege kommunale oppgåver. Difor må kommunen ta arbeidstakarane sine grunnleggjande rettar og interesser på alvor, både som fast arbeidsgjevar, ved kjøp av mellombelse tenester, ved bruk av vikarar og i innkjøpspolitikken.

Ein føresetnad for folkestyre, er deltaking. SV vil forsvara og vidareutvikla lokalt demokrati og samarbeida med folkelege organisasjonar og aksjonar, særleg miljørørsla og fagrørsla, og ikkje minst med dei tilsette i kommunen. Å sikra eit vel fungerande folkestyre, må også vera ein viktig premiss i utviklinga av den nye kommunen.

## 2. Næringspolitikk.

SV sin næringspolitikk er basert på fire prinsipp:

- Produksjon framfor spekulasjon
- Kunnskap og kompetanse
- Økologisk og sosial bærekraft
- Ein desentralisert næringsstruktur

Dei fire prinsippa ligg også til grunn for Bjørnafjorden SV sin næringspolitikk. Desse rammene inneber mellom anna at eit viktig mål med næringspolitikken må vera å støtta ei grøn næringsutvikling. Det tyder m.a. vekt på arbeidsplassar der folk bur, og utvikling av produkt og tenester samfunnet har ei særleg trong for, for eksempel ved å vera i samsvar med gode klimaløysingar og ikkje leia til forureining av miljøet. Det inneber også satsing på verksemdar som tar arbeidstakarrettar og arbeidsmiljø på alvor. Bjørnafjorden er i alt for stor grad ein pendlarkommune. Pendlinga er ikkje berre ei ulempe for den enkelte pendlaren, men også til skade for miljøet pga. trafikkbelastninga.

Bjørnafjorden SV vil:

- støtta vidareutvikling av eksisterande næringsliv
- leggja til rette for gründerar, og arbeida for kommunal garanti for startkapital
- fremja grøn produksjon, t.d. bioenergi frå skog- og landbruk
- satsa på turisme. Folk ønskjer opplevingar og aktiv ferie og fritid; kommunen har mykje å tilby både til fjells, i skogen og til sjøs, og for syklistar. Tilrettelegging kan gje arbeidsplassar. Mogelege areal for campingplassar må utgreiast
- auka samarbeid med høgskule- og universitetsmiljø i utvikling av nye næringar
- at all matjord skal vernast gjennom lov og nasjonale krav og handhevast strengt gjennom plan - og bygningslova. Berre ved særleg tunge samfunnsmessige omsyn, skal det gjeveast dispensasjonar
- at matproduksjonen må prioriterast, og støttesystemet må byggja opp under produksjon i samsvar med dei naturgitte føresetnadene i fylket
- at småskala landbruk og kortreist- og økologisk matproduksjon må sikrast gode vilkår og prioriterast
- at dyrehelse og dyretrivnad må ligge til grunn for infrastrukturen i husdyrhaldet.
- at vidareutviklinga i oppdrettsnæringa må styrast slik at løysingar som vektlegg miljø og dyrevelferd, vert prioriterte
- at konsesjonspolitikken for oppdrettsnæringa må leggjast om gjennom politisk styring, slik at produksjon og lokalisering blir berekraftig og meir av inntektene kjem oppdrettskommunane og fellesskapet til gode

### 3. Barn og unge

Den beste investeringa eit samfunn kan gjera, er å sikra at barn får ein trygg og god oppvekst. Vi veit at ein god barndom har betydning for heile livet, kanskje også gjennom generasjonar. Dersom vi set inn ressursane tidleg i eit barns liv, er sjansane størst for at det får eit godt liv i vaksen alder. Det er viktig at barn og unge blir møtte med respekt, får ansvar og blir lytta til.

Det er viktig at alle barn og unge får eit allsidig aktivitetstilbod uavhengig av foreldra sin økonomi. Spesielt for dei yngste aldersgruppene er det viktig med eit aktivitetstilbod knytt til lokalmiljøet. For å sikra eit aktivitetstilbod i krinsane må lån av rom i skular og andre offentlege bygg framleis vera gratis, dette tilbodet må ved behov også gjelda i helgane.

Ein god barndom varar heile livet. Alle barn har rett til ein trygg og meningsfull oppvekst. Difor er det også viktig med tiltak både for å førebyggja og bøta på fattigdom i barnefamiljar. Fattigdom kan få konsekvensar på alle område av livet, og kan føra til isolasjon og utstøyting. Såleis er det viktig med tiltak som betrar økonomien til fattige familjar, og som reduserer kostnadene til for eksempel fritidsaktivitetar.

Bjørnafjorden SV vil arbeida for:

- at barn, unge og deira føresette som treng hjelp og oppfølging frå helsestasjon, barnevern, praktisk-pedagogisk teneste (PPT) og helsestasjon for ungdom, skal sikrast dette utan urimeleg lang ventetid.
- å styrkja helsetenesta i skulen. Alle skular bør ha helsesjukepleiar tilgjengeleg meir enn ein dag i veka. Helsesjukepleiar må kunna trekkja inn psykiatrisk kompetanse
- at Bjørnafjorden kommune sjølv opprettar lærlingplassar og arbeider for at private verksemdar i kommunen også gjer det
- fleire møteplassar i kommunal regi
- eit kommunalt kultur- og fritidskort for ungdom
- styrkja det rusførebyggjande arbeidet i samarbeid med politiet
- å organisera ungjobb - for å få fleire unge ut i jobb/sommarjobb
- auka satsing på å førebyggja fråfall i den vidaregåande skulen gjennom tidleg innsats i barne- og ungdomsskulen.
- lågterskeltilbod og koordinerte tenester for barn og unge og foreldre knytt til barnehagar, skular og nærmiljø

Barnehagar - Bjørnafjorden SV vil arbeida for:

- at Bjørnafjorden kommune tar eit større direkte drifts- og arbeidsgivaransvar for barnehagane i kommunen og syter for regelmessige tilsyn
- at alle får rett til barnehagetilbod i nærområdet. Dette er eit miljømessig gode då nærbarnehagar reduserer behovet for bruk av privat bil, samtidig som det vil sikra tryggleik og kontinuitet ved overgangen mellom barnehage og skule
- at alle framtidige barnehagar skal vera kommunale

#### Skule og SFO -

Bjørnafjorden SV vil arbeida for:

- å starta forsøk med leksefri skule i 1. - 7. trinn i løpet av denne fireårsperioden
- å styrkja ressursane til tilrettelagd undervisning og andre støttetiltak i skulen, som til dømes delingstimar
- å innføra ei tillitsreform i skulen, der ein fjernar fokus frå testing og rapportering, og gir lærarane fridom i klasserommet til å utøva fagleg skjønn for å gi elevane god oppfølging og konstruktive tilbakemeldingar
- å redusera foreldrebetalinga i SFO
- at alle aktivitetar i skulen sin regi skal være gratis
- alle skular skal ha minst ein miljøterapeut per 200 elever til førebyggjande arbeid
- styrkja meistringsteamet med fleire medarbeidarar
- tilsetja fleire helsesjukepleiarar
- auka overføring til skulane for styrka bemanning og større økonomisk handlingsrom for rektorane
- innføra skulemat i heile grunnskolen

#### Fritidstiltak og haldningsskapande arbeid -

Bjørnafjorden SV vil arbeida for:

- å styrkja fritidstilbod og tiltak der barn og unge sjølv aktivt deltek i organisering og drift av tilbodet
- å gje kommunal støtte til ungdom som ynskjer å skapa sine egne fritidstilbod
- å auka den økonomiske støtta til lag og organisasjonar som etablerer fritidstiltak for barn og unge. Bjørnafjorden SV vil spesielt støtta tiltak og aktivitetar som:
  - aukar medvitnet om miljø og natur
  - styrkjer antirasistiske haldningar og fremjar toleranse
  - stimulerer til skapande eigenaktivitet, td amatørteater, musikalske aktivitetar og anna kreativ utfolding
  - å gje støtte til fleire rusfrie fritidsaktivitetar for ungdom
  - å redusera eigendel i kulturskulen
  - at fritidsarenaer skal vera trygge og inkluderande for alle, uavhengig av foreldreøkonomi
  - opprette to kommunale ungdomsklubbar, ein på kvar side av fjorden, med kommunalt tilsette barne- og ungdomsarbeidarar og miljøterapeutar

#### 4. Kommunal drift av kommunal velferd

Bjørnafjorden SV seier nei til privatisering og konkurranseutsetjing av kommunale tenester!

Bjørnafjorden SV er for offentleg velferd og vil avvikla konkurranseutsetjing av kommunale tenester. Ved å utføra tenestene i eigen regi, vil vi unngå at stadig meir av ressursbruken går til tilbodsrundar og kontrolloppgåver.

Vi ønskjer ikkje at barnehagedrift skal gjerast til middel for realisering av profitt for private barnehagegrossistar. Bjørnafjorden SV ønskjer at eventuelle overskot ved omsorgsdrift skal koma omsorgstrengjande til gode og ikkje private velferdsprofitørar i ein marknad. Reinhold er ein viktig del av arbeidsmiljøet, og må også sjåast på som ein integrert heilskap og skal ikkje setjast ut på anbod. Den beste velferda vert skapt av trygge og kompetente tilsette. Motivasjonen bak arbeidsinnsatsen til dei tilsette i Bjørnafjorden kommune skal ikkje vera konkurranse, men eit reelt ønskje om å gi fagleg gode tilbod til innbyggjarane. Bjørnafjorden SV vil at dei tilsette skal få bruka sitt faglege skjønn og ønskjer å fjerna tidkrevjande byråkrati, kontroll og detaljstyring.

Vi treng ei tillitsreform for:

- å redusera unødig og byråkratisert kommunal måling og testing
- at tilsette - spesielt i opplæring og omsorgsyrke - skal ha meir tid til å planleggja og utføra kjerneoppgåvene sine
- at brukarane innan opplæring og velferd skal verta meir involverte i avgjerder som vedkjem dei sjølve

Bjørnafjorden SV har tillit til og stor tru på dei tilsette i Bjørnafjorden kommune!

Bjørnafjorden SV vil arbeida for:

- at all privatisering vert avvikla seinast når noverande anbodsperiode går ut
- at bemanninga i eldreomsorga vert styrkt og ikkje redusert som følge av privatisering
- at alle nye barnehagar i Bjørnafjorden vert kommunalt drivne
- at reinhold og andre tenester i kommunale bygg vert ein integrert og kommunal del av drifta og verdsett som ein avgjerande faktor for godt arbeidsmiljø
- at kommunale tenester som er privatiserte skal tilbakeførast til kommunal drift
- at tilsette i konkurranseutsette tenester skal ha same løns-, arbeids-, og pensjonsvilkår som dei ville hatt om kommunen dreiv tenestene, og dei skal få halde fram i jobben dersom nye firma vinn anbodet, via verksemdsoverdraging
- at kommunen som arbeidsgjevar legg stor vekt på betring av arbeidsmiljøet, høve til oppdatering/etterutdanning og tilrettelegging for reell medråderett for arbeidstakarane på alle nivå. Bjørnafjorden SV ser på fagrørsla som medspelar.
- å utvikla kommunen som IA-bedrift ved å fokusera på nærværarbeid, oppfølging av sjukemeldte og tilrettelegging/hjelp til omstilling eller å finna nytt arbeid. Arbeidstakarar som har falle ut av arbeidslivet, må få høve til å koma attende til arbeidslivet i samarbeid med NAV. Kommunal drift sikrar fleksibilitet.



## 5 Lokalt demokrati, kommunen sine oppgåver, kommunestruktur

Demokrati er ikkje berre å bruka stemmeretten ved lokale, regionale og nasjonale val kvart anna år. Demokrati er også å vera med på å forma samfunnet og eigen kvardag gjennom til dømes større innverknad i arbeidslivet, brukarmedverknad når det gjeld offentlege tenester og aktivitet i frivillige organisasjonar. Når det gjeld det politiske demokratiet, er det også her eit stort rom for utviding og utvikling med t.d. ulike former for deltakande demokrati.

At kommunestrukturen frå tid til anna er under debatt, er naturleg. Busetjingsmønster og kommunikasjonar endrar seg, og også oppgåvene til kommunen. Men prinsippet om så kort veg som mogleg mellom innbyggjarane og dei viktige avgjerdene, bør liggja i botn. Bjørnafjorden SV meiner også at eit fungerande nærdemokrati er eit vilkår for effektiv tenesteproduksjon.

Kommunestyra må ha så god økonomi at dei har ein reell fridom til å prioritera, både når det gjeld pålagd tenesteyting og andre område som er viktige for velferd og trivnad.

SV ønskjer å gjennomføra ei tillitsreform i norske kommunar. Ho skal erstatta stadig meir kontroll, rapportering, byråkrati og marknadstenking i offentlig sektor, med meir tid og tillit til dei tilsette og større medverknad for brukarane.

Bjørnafjorden SV vil:

- utvikla det lokale demokratiet ved meir bruk av t.d. utvida høyringar, opne spørjetimar og folkerøystingar.
- sikra ein løpande dialog mellom kommunen og frivillige organisasjonar og grendelag, m.a. i form av faste møtepunkt. Bjørnafjorden SV vil for eigen del leggja til rette for samarbeid med folkelege organisasjonar og aksjonar, særleg miljørørsla og fagrørsla, og ikkje minst dei tilsette i kommunen.
- betra den kommunale økonomien og krevja statlege overføringar som reelt dekkjer dei grunnleggjande kostnadene til pålagde oppgåver, og dessutan større frie inntekter.

## 6. Miljø og samferdsle

SV ønskjer kollektive, strukturelle tiltak framfor individualisering av ansvar. Klimaspørsmålet kan ikkje løysast lokalt, men lokale løysingar må vera del av globale løysingar. Verdas rikaste land må ta ansvar, sjølv om Noregs bidrag er lite i den store samanhengen.

SV ønskjer ein meir aktiv miljøpolitikk enn den som vert ført i Noreg i dag.

Det trengst større økonomiske utteljingar frå det offentlege og meir målretta tiltak både for verksemdar og privathushald. Dette må også føra med seg ei endring i samferdslepolitikken med avgrensa vegutbygging og auka satsing på kollektivtrafikk.

Bjørnafjorden SV vil arbeida for:

- at det ikkje vert sett i gang fleire dyre vegprosjekt som vil føra til auka biltrafikk, auka CO<sub>2</sub>-utslepp eller andre negative miljøkonsekvensar. Bjørnafjorden SV ønskjer ikkje bru over Bjørnafjorden. Ras- og trafikksikring av E16 må få første prioritet, saman med sikring og utvikling av Bergensbanen. For E39 er utbetring (gul stripe heile vegen) og rassikring langt viktigare enn fjordkryssingar til mange milliardar kroner. Ferjeteknologien er dessutan i rask utvikling frå diesel via gass til batteridrift.
- ei bruløysing som bind kommunedelane tettare saman
- betre samordning av kollektivtilbodet, tilpassa den nye kommunen sitt behov
- eit betre kollektivt transportnett ut i krinsane i heile kommunen, m.a. ved at det vert laga eit betre ringbussystem der det er mogleg
- at ein legg til rette for mest mogleg miljøvenleg transport på den nye motorvegen til Rådalen med bussavgangar til Lagunen/Kronstad/Bergen kvart 15. minutt. Sambruksfelt for buss og 2+ må prioriterast
- at nye køyretøy eigd av kommunen skal vera EL-bilar/nullutsleppskøyretøy
- at kommunen legg til rette for fleire ladestasjonar for elbilar
- eit delvis bilfritt Osøyro sentrum, med moglegheit for transport av varer innanfor enkelte tidsrom
- å sikra trygg sykkelparkering i knutepunkta
- innfartsparkering på strategiske stader
- at arbeidet med eit gjennomgåande gang- og sykkelvegnett i kommunen vert vidareført. Der det er mogeleg, skal desse kombinerast med kulturstiar/gamle vegar. Kommunen må prioritera arbeidet med separate vegar for gåande og syklistar i tettbygde område
- innkjøp og utlån/utleige av EL-syklar i regi av kommunen
- at kommunen prioriterer nærmiljøanlegg, spesielt mindre kostnadskrevjande anlegg. I tillegg til å få born og ungdom i fysisk aktivitet, kan slike anlegg bli viktige møteplassar for alle generasjonar
- at fleire turstiar får universell utforming, slik at det blir lett å ta seg fram med barnevogner og rullestol
- at det vert utarbeidd ein miljørekneskap for Bjørnafjorden kommune, med konkrete utsleppsmål



- å ta vare på den naturperla kommunen er, både til gagn og glede for innbyggjarane og utan å skada det biologiske mangfaldet
- at kommunen igjen får eiga stilling som miljøvernleiar
- at kommunen går føre med gode eksempel, som å nytta biobrensele, helst lokalt produsert, så langt det er råd, til oppvarming og transport. Dette kan skapa lokale arbeidsplassar i landbruket og ta vare på kulturlandskapet

## 7. Arbeidsliv

SV går til val på eit løfte om ein god arbeidsgjevarpolitikk i Bjørnafjorden kommune. Bjørnafjorden SV ønskjer at det skal stillast krav til at dei tilsette i Bjørnafjorden kommune utfører fagleg og kvalitative gode tenester. Samtidig må kommunen som arbeidsgjevar leggja til rette for både fagleg og personleg utvikling og vekst.

Bjørnafjorden SV vil at kommunen skal vera ein arbeidsgjevar som sikrar dei tilsette gode løns- og arbeidsvilkår, der hovudmålet er å skapa gode velferdstenester utan krav om profitt. Dette oppnår vi ved å ta gode politiske val, som kjem både kommunens tilsette og brukarar til gode.

Bjørnafjorden SV vil at kommunen som arbeidsgjevar skal jobba målretta for å tilby sine tilsette heile og faste stillingar. I eit likestillingsperspektiv er det viktig med fokus på likelønn, i dag tener kvinner i gjennomsnitt 85% av det menn tener. Dette skuldast både at kvinner oftare enn menn jobbar deltid, og at kvinnedominerte yrke ofte vert lønna lågare enn typisk mannsdominerte yrke. Ufrivillig deltid ser vi helst i typiske kvinneyrke som pleie og omsorg, reinhald, skular og barnehagar. Dette fører mellom anna til at kvinner ofte endar opp som minstepensjonistar. Det er vanskeleg for kvinner å etablera seg på eiga hand, både som unge førstegongsetablerarar, etter samlivsbrot eller ved bortfall av ektefelle eller sambuar.

Arbeidet mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet må inn i alle bransjar og på alle arbeidsplassar. Arbeidsgivarar må ta eit større ansvar, og fagrørsla må få støtte for å sikre at fleire arbeidstakarar organiserer seg. Ulike offentlege etatar som Arbeidstilsynet, Skatteetaten og NAV må intensivere samordna kontroll og aksjonar for å hindre kriminalitet og undergraving av vårt arbeidslivs- og velferdssystem. Desse offentlege institusjonane i fylket bør styrkast.

Bjørnafjorden SV vil:

- at det vert oppretta ein felles kommunal vikarpool, der tilsette som ynskjer det, få auka stillingsprosent, samtidig som kvar enkelt arbeidsplass sikrast mot underbemanning ved sjukdom o.l.
- rekruttera fleire menn til omsorgsyрка for å betra kjønnsbalansen.
- sikra tilsette i kommunen medverknad i eigen arbeidskvardag
- at ein ikkje opnar for fleire midlertidige tilsetjingar i kommunen. Bjørnafjorden SV ønskjer at tilsette skal sikrast tryggleik. For å kunna planleggja både



kvardagen og framtida, er det ein føresetnad at dei tilsette føler seg trygge på at dei har stabile inntekter; auka bruk av midlertidige tilsetjingar fører til det motsette

- ikkje ha søndagsopne butikkar
- at dei tilsette alltid skal vere med når kommunane sine tenestetilbod skal evaluerast og utviklast
- arbeida for å sikra tilsette sin yringsfridom og styrkja stillinga til varslarar, blant anna gjennom eit godt samarbeid mellom fagrørsla, kommunen sin administrasjon og politikarane

Bjørnafjorden kommune - oppdragsgjevar som tar ansvar

Når kommunen gjev anbod til private oppdragstakarar, vil SV arbeida for at kommunen fører nøye kontroll med at dei private oppdragstakarane tilbyr sine tilsette lønns- og arbeidsvilkår som er i tråd med norsk lov- og avtaleverk.

Kommunen skal arbeida aktivt mot alle former for sosial dumping.

Dette oppnår ein blant anna ved å:

- stilla krav om lønns- og arbeidsvilkår i anbodsdokumenta
- setja av ressursar i kommunen til å følgja opp oppdragstakarar i alle delar i kontraktskjeden
- samarbeida nært med fagrørsla for å avdekkja brot på norsk lov- og avtaleverk og anbodsvilkåra

## 8. Kommunesentrum og bustadbygging i Bjørnafjorden

Osøyro og Eikelandsosen kan og bør bli utvikla som sørvis- og handelscenter og som turiststad. Både for bjørnafjordingar og tilreisande bør ein kunna marknadsføra Osøyro med trivsel i sentrum. Den vidare utviklinga må, så langt råd er, ta utgangspunkt i ein heilskapleg plan, ikkje berre i ei rekkje delplanar slik tendensen har vore til no.

Kommunen må spela ei sentral rolle i planlegging og tilrettelegging av bustadbygging i heile kommunen. Det må vera eit kommunalt ansvar å sikra tilgangen på rimelege byggeklare tomter innafor Husbanken sine rammer etter sjølvkostprinsippet.

Det er samstundes naudsynt å betra styringa med bustadutbygginga.

Kommuneplanen - ikkje utbyggjarane - må på ein heilskapleg måte styra utviklinga. Dette inneber også meir langsam vekst i innbyggjartalet.

Bjørnafjorden SV vil arbeida for

- sterkare demokratisk styring av utbygginga
- at alle offentlege bygg og anlegg skal vera utforma etter prinsippet om universell utforming. Det vil seia at alle skal kunna nytta tilboda på eiga hand, uavhengig av personlege forhold
- å sikra kommunesenteret og kommunedelsenteret som levande sentrum med moderat fortetting av busetnaden. Parkeringstilhøva må bli tilrettelagde slik at ein både får enkel tilkomst, samstundes som ein del av sentrum kan vera bilfritt

- å sikra at verneverdige bygg som Fjellheim og Os gamle brannstasjon kan få ein funksjonell plass i eit fornya Osøyro

### Bustadbygging

Bjørnafjorden SV vil arbeida for:

- at miljøomsyn må leggjast til grunn for all utbygging
- ei arealplanlegging der bumiljø er sikra tilgang til offentleg transport og naudsynte tenester og sørvistilbod (butikk, skule, barnehage) i nærområdet
- at takten i bustadutbygginga i kommunen blir bremsa, og at store prosjekt ikkje vert sette i gang før nødvendig infrastruktur og skulekapasitet er på plass
- at når område langs eksisterande infrastruktur allereie er sette av til bustadføremaal i arealplanen, må desse bli bygde ut før nye bustadareal vert tilrettelagde. Slik kan ein også styrkja krinsskulane
- ei moderat fortetting, fremst av di det kan vera miljøvinstar å henta, ikkje berre meir effektiv utnytting av tomteareal.
- at utbygging i kommunen gjev ein variert samansetnad av bustadtypar, ikkje berre einebustader. Det må vera eit viktig delmål å sikra høvelege bustader for ungdom og andre med liten eigenkapital, mellom anna gjennom utbyggingsavtalar med private utbyggjarar
- at det i nye bustadfelt vert tilrettelagt for miljøtiltak som avfallssortering, fjernvarme m.v. Kostnadene til leikeplassar og veglys skal vera ein del av tilretteleggingskostnadene
- å sikra rikelege friareal i bustadområda med grønne lunger som fremjar barn og unge si fysiske, sosiale og psykiske utvikling
- at det ikkje vert bustadbygging på dyrka og dyrkbar jord i kommunen

## 9. Helse, omsorg og rehabilitering.

Bjørnafjorden SV vil ha ei godt utbygd helse- og omsorgsteneste i Bjørnafjorden der alle får same tilbod uavhengig av status og inntekt. Tenesta skal ikkje berre vera eit offentleg ansvar, men skal og drivast av det offentlege.

SV ønskjer større satsing på desse tenestene for å betra tilhøva for grupper med særskilde behov som eldre pleietrengande, kronisk sjuke, personar med redusert funksjonsnivå og personar som treng rehabilitering. Det må også satsast på helsefremjande og førebyggjande arbeid for å sikra gode oppvekstvilkår for barn og unge. Folkehelsetenking må vera styrande for alle kommunale planar og tiltak. Brukarane sine egne ynskje og behov skal vera utgangspunktet for tenestene dei mottar. Merksemda må flyttast frå «kva er i vegen med deg» til «kva er viktig for deg».

Bjørnafjorden SV vil arbeida for:

- at det ikkje vert auke i eigendelar for heimehjelp, og at heimesjukepleie framleis vert gratis



- at avlastningstilbod som t.d. dagsenter og avlastning/korttidsopphald i institusjon vert bygd ut i samsvar med behov, og at det vert vidareutvikla kreative og individuelt tilpassa avlastningstiltak for personar med demenssjukdom
- ei sterk satsing på kvardagsrehabilitering
- at førebygging og folkehelsestenking må inn i alle relevante kommunedelplanar
- at det vert satsa på tverrfagleg samarbeid og utvikla fleire tverrfaglege tilbod innan helsefremjande og førebyggjande arbeid i kommunen og for alle aldersgrupper
- at rusavhengige som ønsker det, får behandling og ettervern
- at tunge rusmisbrukarar som i liten grad er i stand til å ta ansvar for eige liv, får den hjelpa i kvardagen som dei har krav på som t.d. praktisk bistand i bustad og helsehjelp
- at det vert oppretta fleire tilrettelagde arbeids-/aktivitetstiltak for personar med redusert arbeidsevne, gjerne i samarbeid med frivillige/ideelle organisasjonar
- at satsane for sosialstønad vert auka i Bjørnafjorden kommune
- at barnetrygd må haldast utanfor ved utrekning av sosialstønad
- framhald av kulturtilbod/aktivisering av arbeidsledige på dagtid

## 10. Kultur

Kultur har både med identitet, utvikling, utfalding og fellesskap å gjera, kort sagt livskvalitet. SV vil byggja vidare på og utvikla det allsidige kulturlivet som allereie finst i kommunen.

Bjørnafjorden SV vil arbeida for:

- at omsynet til kultur og miljø vert prioritert ved rullering av kommuneplanen
- at det vert teke omsyn til estetikk og miljø ved utbygging
- sikring av kulturminne på grunnlag av ein vedteken plan for kulturminnevern
- å sikra alle sin rett til å ferdast i utmark, og sikra strandsona for allmenta
- vidare tilrettelegging for tur- og friluftsliv med merkte kulturstiar, løyper osv
- at lokale lag og organisasjonar ikkje skal betala høgare leige i Oseana enn dei gjorde i Fjellheim
- at frivillige, lokale lag og organisasjonar i Bjørnafjorden kommune får rimelege leigeprisar i kommunale kultur- og idrettsbygg
- at lommeboka ikkje skal avgjera kven som kan nytta kulturskulen
- framleis støtte til lag og organisasjonar med prioritering av tiltak som stimulerer skapande eigenaktivitet, og tiltak som kan føra til auka miljømedvit
- idrettsaktivitetar som fremjar folkehelsa og som legg vekt på mosjon, rekreasjon og breidde framfor rekruttering til eliteidrett
- utvikling av nærmiljø ved å gi støtte til etablering av leikeplassar/møteplassar med tilrettelegging for fysisk aktivitet og sosialt samvær, også i etablerte bustadområde.
- styrking av bibliotek m.a. med meir midlar til nyinnkjøp.
- å opprette fleire plassar i kulturskulen
- at kommunen skal dekke eigendel for barn i familiar med lav inntekt
- å sikre aktivitetstilbod i fellesferien for barn mellom 6 og 16 år, i samarbeid med ideelle organisasjonarå utvide ordninga med gratis utlån av fritidsutstyr

## 11. Solidaritet

Bjørnafjorden SV seier ja til eit inkluderande lokalsamfunn med plass til alle typar innbyggjarar. Mangfald gjer oss alle rikare. Bjørnafjorden SV vil sikra innbyggjarane i kommunen tilgang på kommunale tilbod og tenester uavhengig av økonomi og personlege føresetnader. Alle innbyggjarane skal ha tilgang til dei same tilboda uavhengig av funksjon eller sosial eller kulturell bakgrunn. Dette er ein del av eit solidarisk samfunn. Bjørnafjorden SV ser det også som viktig at vi både ser ut over eigne grenser og framover i tid.

Bjørnafjorden SV vil visa solidaritet

- med både komande generasjonar og dei som alt no blir råka av klimaforverringa og andre miljøproblem
  - med barn og unge gjennom gode og trygge barnehagetilbod, tiltak mot fattigdom i barnefamilier, og ein god skule der samarbeid, trivsel og eigenmotivasjon er sentralt for læring, ikkje testing og rangering
  - med utsette grupper og menneske som treng ekstra tilrettelegging.
- Bjørnafjorden SV vil såleis arbeida for at:
- kommunen i samarbeid med NAV legg til rette for integrering i arbeidsmarknaden
  - kommunen fjernar samfunnsskapte hinder og sikrar universell utforming slik at likestilling og fridom skal bli verkeleg for alle
  - at menneske med nedsett funksjonsevne får delta i samfunnet på lik linje med andre innbyggjarar
  - med tilsette i kommunen og andre som utfører tenester kommunen har ansvar for, slik at dei har likeverdige løns- og arbeidstilhøve m.v. Også tilsette i leverandørbedrifter må som minimum vera sikra tariffavtale.
  - med menneske på flukt frå krig og konflikt.

Bjørnafjorden SV vil arbeida for at:

- kommunen set internasjonal solidaritet på dagsordenen
- kommunen buset flyktningar etter krav frå IMDI
- kommunen aukar innsatsen for språkopplæring og integrering av asylsøkjjarar/ kvoteflyktningar

FOR DEI MANGE - IKKJE FOR DEI FÅ <https://www.facebook.com/Bjørnafjorden-SV>